

# Kyrkjeblad for Fjaler

nr. 1 april 2011  
69. årgang



NÅ STRØMMER LYSET INN I VÅRE HJERTER,  
VI EIER DEL I PÅSKENS GLEDESBUÐ:  
ET ÅPENT VINDU MOT EN ANNEN VERDEN,  
HVOR DØDENS MAKT BESEIRET ER AV GUD.

G  
O  
D  
P  
Å  
S  
K  
E

# Jesus kjem frå morgondagen

Ein mann fortel: - Dette hende ein ganske alminneleg søndag i ei vanleg norsk gudsteneste. Eg hadde ei tid vakna altfor tidleg om morgonen og engsta meg for dagens små og store utfordringar. Helst ville eg berre krype under dyna og lukke meg inne. Men så sat eg altså der, i kyrkjebenken, passe lite skjerpa og ikkje heilt mentalt til stades før eit par salmar var sunge og ei ung kvinne gjekk fram for å syngje.

Eg hadde verken sett eller høyrte ho før, og heller ikkje songen ho song. Det var ein enkel negro spiritual, som på norsk lyder omtrent som så: *"Min mamma sa: Gje meg Jesus! Du kan vinne heile verda, men gje meg Jesus!"* Og vidare i neste vers: *"Om morgonen når eg vaknar: Gje meg Jesus! Du kan vinne heile verda, men gje meg Jesus!"*

Då skjedde det. Orda og tonane trengde liksom rett inn gjennom kroppen på meg, inn i mitt engstelege og stengde hjarte. Eg skalv. Eg merka at Jesus rørte ved meg. Eg kjende gleda piple fram. Noko anna hugsar eg ikkje frå den gudstena. Men det var meir enn nok.

Denne opplevinga liknar på den disiplane opplevde om kvelden etter at dei hadde funne grava tom. Dei hadde stengd seg inne og var redde.

Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: *"Fred vere med dykk!"* (Joh 20,19b)

Jesus viste seg for sine etter at han var stått opp av grava. Han gav dei velsigning og fred. Sidan har han halde fram med å komme på utallege måtar. Han har framleis denne evna til å trengje inn der det er stengd.


Fortida er vår historie. Framtida er Guds.

Det skal mot til ikkje å sjå seg tilbake.

Det skal mot til å gå inn i dagen i dag med tomme hender vend mot Gud i forventning.

Vend deg om i glede! Jesus lever og står framfor deg.

KAK



# På kyrkjebakken

## HJARTELEG TAKK FOR GÅVER!

Vi takkar Dale Bygdekvinneleg for gåva på 1.000 kr til Dale barnekor, 1.000 kr til Laurdagsklubben i Dale, og for gåva på 1.000 kr til Ljosheim.

Vi takkar for minnegåva på 2.850 kr til Ljosheim som vart gitt ved gravferda til Oskar Myklebust 21. januar 2011.

Vi takkar 1960-konfirmantane for gåva på 2.257 kr til barne- og ungdomsarbeidet i Dale.

Vi takkar for minnegåva på 10.550 kr til Guddal kyrkje som vart gitt ved gravferda til Helene Hovlandsdal 10. mars 2011.

Vi takkar for minnegåva på 2.360 kr til Guddal kyrkje som vart gitt ved gravferda til Olav Ødemark 15. mars 2011.

## KYRKJETENAREN I DALE KYRKJE TAKKAR AV!

Joy Taylor sluttar 30. april 2011 som kyrkjetenar i Dale kyrkje. Joy starta i jobben i november 1997, og har etter den tid, med unntak av knapt 2 ½

års fødsels- og velferdspemisjon, gjort teneste ved gudstenester annankvar søndag, ved alle høgtider og også ved konsertar, vigslar og gravferder. Reinhald har vore ein del av stillinga. Etter at vi starta med å prøve ut ny liturgi og tok i bruk Powerpoint i gudst- enestene, har Joy også hatt jobb med dette under gudst- enesta. Vi takkar Joy hjarteleg for trufast teneste som kyrkjet- enar i alle desse åra, og er glade for å behalde henne i 20 % stilling som sekretær på kyrkjekontoret.



## BLADPENGAR

Hjarteleg takk for at du trufast betalar

inn bladpengar slik at vi kan fortsetje å sende ut Kyrkjelydsblad for Fjaler. No er det tid for innbetaling for 2011, og vedlagt ligg bankgiroen, men du må gjerne nytte nettbank. Merk deg NYTT bankkontonr:

3741.20.73135. Også dette året er vi takksame om du som bur i Fjaler betalar 150 kr, og at du som får blad- et tilsendt med adresselapp og fri- merke betalar 175 kr. Vi ser at fleire betalar meir enn dette og takkar hjarteleg for gåva.

Det er veldig viktig at du som bur utanom kommunen og får bladet til- sendt med adresselapp, hugsar på å skrive namn og adresse – også når du betalar via nettbank. Utan adresse er det umogeleg for oss å få sendt deg bladet. Vi tek også gjerne imot respons: Ros eller Ris slik at kyrkjelyd- et vert best mogeleg. if

## KYRKJESKYSS.

Til Dale kyrkje blir det kyrkjeskysstil til Påskedagsgudst- enesta 24. april kl. 11.00. "Kyrkjeruta" startar frå Straumsnes, nærare bestemt frå Jonstad-krysset, 50 min før det startar i kyrkja. Dei som vil vere med, går til hovudvegen i rimeleg tid og vil bli plukka opp undervegs. Det er ikkje naudsynt med påmelding. Så blir det retur etter gudst- enesta. Prisen/eig- endelen er sett til kr.50,- tur/retur. Flekke taxi ved Magnar Vagstad køyr- er her.

Til Guddal kyrkje blir det kyrkjeskysstil til Palmesundagsgudst- enesta 17. april kl. 11.00 og til jonsokgudst- enesta 24. juni kl. 11.00. Ring Guddal taxi v. Ivar Hovlandsdal på tlf. 971 82 886. Bilen køyrer frå Hovlandsdal kl. 10.10 til Heggheim og til kyrkja. Prisen/eig- endelen er sett til kr.30,- pr. person for tur/retur. Underskot ved kyrkjes- kysstiltaket blir dekt av diakonifondet.

Frå omsorgsbustadane ved Helsetunet er det også kyrkjeskysstil og frå Dale kyrkje nesten kvar gong det er gudst- eneste – sjå oppslag. Her er det frivil-

lege som køyrer – organisert av soknerådet.

## PALMELAUDAGSBASAR

16. april kl. 16.00 på Ljosheim. Velkomen til Håland misjonsforeining sin årlege basar på Palmelaurdag. Mange fine vinstar på hovudlotteri og årar. Vi får besøk av Helge og Hanne Naustdal som vil presentere NMS siitt arbeid i Mali. Matøkt med gode kaker. Vi håpar at du tek etter- middagskaffien saman med oss og støttar opp om misjonsbasaren. Linda

## MUSIKKGUDSTENESTER I PÅSKA

I Guddal kyrkje på Palmesundag kl. 11.00 er det songgudst- eneste med mykje "Hosianna" – festlege songar framførte av Guddal familiekor med "palmegreinar" – som fortel om Jesu inntog i Jerusalem denne dagen. Barn frå 3. årssteget får påskeboka. Dale kyrkje har den tradisjonelle høg- tidsgudst- enesta 1. påskedag kl. 11.00 med flott song av Cantus med solistar Marie Skadal og Leif Gunnar Igelkjøn. Folkestad kapell høgtidsgudst- eneste 1. påskedag kl. 19.30. Egil Furenes gjer gudst- enesta spesielt høgtideleg med hardingfelemusikk. Før gudst- enesta spelar kantor Mark Taylor ein kort orgelkonsert kl. 19.15 – det har kome ynskje om å høyre orgelmusikk etter suksessen frå i fjor og Mark spelar påskemusikk av Beethoven og Rimsky- Korsakov.

## ORGELKONSERT

i Dale 8. juni. Etter populært ønskje blir det også i år orgelkonsert i Dale kyrkje med kantor Mark Taylor. Det blir ein fransk kveld. Fransk musikk er kjend for vakre melodiar og fargerik stemning. Men det blir også festleg musikk – den fran- ske toccata har blitt ein stil i seg sjølv og vi får oppleve mykje spennande musikk denne kvelden frå dei store franske komponistane frå fem århundre. Mark spelar og sine eigne fransk- inspirerte verk. Kollekten går til Landsbyutvikling i Mali. Vel møtt ons- dag 8. juni kl. 19.30!

## JONSOKFEIRINGA I GUDDAL

Fredag 24. juni startar med gudst- eneste i kyrkja kl. 11.00 og etterpå er det, tradisjonen tru, misjonsfest på



# Kyrie Eleison



## Jesus og Bartimeus

Då Jesus og disiplane kom til Jeriko, sat det ein blind tiggjar, Bartimeus, attmed vegen. Då han hørde at det var Jesus frå Nasaret som kom, sette han i å rope: "Kyrie Eleison!"



Jesus spurde han: "Kva vil du eg skal gjere for deg?" Bartimeus svara: "Herre, gi meg synet!" Jesus svara: "Gå du! Trua di har frelst deg." Med det same kunne Bartimeus sjå.

## Den kanaaneiske kvinna

Då Jesus var ikring Tyros og Sidon, kom det ei kanaaneisk kvinne til han. Dotter hennar var plaga av ein vond ånd. Kvinna ropa: "Kyrie Eleison!"



Kvinna viste at ho hadde ei sterk tru, og Jesus sa til henne: "Stor er trua di, kvinne. Det skal gå som du vil." Og dottera vart frisk i same stunda.



*Kyrie Eleison er gresk og betyr Herre, miskunne deg over meg eller Herre, hjelp meg.*



## Den takksame samaritanen

Då Jesus var på vegen til Jerusalem, kom det spedalske mot han. Dei stod langt unna og ropa: "Kyrie Eleison!"



Jesus sa til dei: "Gå og vis dykk for prestane!"

På vegen dit vart dei reine.



*Takk til Viljar, Sigrid, Thea, Sigmund, Malene, Malin, Silje og Gjertrud som deltok i "Songar i kyrkja" i Dale og lærte om songane vi brukar i gudstenesta.*

**Framhald frå side 3**

skulen med god mat og utlodding. Kven som kjem som utsending frå NMS er enno ikkje klart. Kyrkjeskysst frå Hovlandsdal/Hegghheim.

**FRILUFTSGUDSTENESTE I KORSSUND**

Vi vil ikkje gje slepp på den eldgamle tradisjonen med friluftsgudsteneste ved den store keltiske steinkrossen i Korssundet. Truleg er krossen tusen år gamal, og stadig ein av dei eldste kristne samlingsstadane i landet. Søndag 31. juli, vert det friluftsgudsteneste her kl. 15.00. Ta gjerne med sitteunderlag. Gatekjøkkenet/kiosken på kaia er open etter gudstenesta. Vel møtt! I tilfelle dårleg vêr, vert gudstenesta flytta under tak ved butikken.

**PRESTEVIKAR SOMMAREN 2011.**

Kurt Soltveit vert, også denne sommaren, prestevikar i soknepresten sin ferie. Kurt kjem 1. juli og blir til 7. august.

**ALVÆRASTEMNET**

blir i år søndag 19. juni og startar med gudsteneste på Alværa kl. 11.00. På ettermiddagen blir det familiesamling som vert avslutta med kaffi og kaker. I mellomtida vert det høve til å kjøpe middag og NMS U har uteaktivitetar for heile familien. Vel møtt til ein triveleg dag på Alværa ved Sognefjorden.

**KONFIRMASJONSDATOAR 2012**

29. april: Hellevik og Folkestad  
6. mai: Dale  
20. mai: Guddal

**FOTO**

Har du teke bilete av kyrkjelege handlingar, trusopplæring, kyrkjebygg i solnedgang, osv? Vi tek gjerne imot bilete som kanskje kan brukast i bladet. Send bileta i full storleik til fjaler.kyrkjelydsblad@gmail.com. jt

**Framsida:**

Tekstbilete av Eli Johanne Berg "Sorgen skal vendes til glede" med salmevers av Svein Ellingsen.



50års-konfirmantane oppstille etter gudstenesta.

Sitjande frå venstre, jentenamnet i parentes: Marit (Selberg) Jansson, Anders Øye, Reidar Myklebust, Håkon Løfstrand og Asbjørn Stenseth.

Ståande frå venstre: Aud (Stavestrånd) Standal, Jorunn (Hestad) Felle, Alfhild (Løseth)

Sivertsen, Jan Ulliang, Liv (Nybø) Rasmussen, Leif Haaland, Leif Norddal, Hans Stav, Atle Høyvik, Peter Kåre Igelkjøn, Harry Alisøy, Herdis Oppheim Lidal, Jostein Laukeland, Arvid Sunde, Jorunn (Loneland) Nyland, Mass Kjell Myklebust, Jofrid (Eikås) Ulvestad, Trygve Kalstad, Solbjørg (Sunnbotten) Rysjedal, Knut David Hustveit, Gabriel Hovland og Ola Kjell Loneland.

# 50-årskonfirmantar

42 konfirmantar møttest til konfirmasjon i Dale kyrkje 14. august 1960. Av desse samlast 27 til treff siste helga i august i fjor. Det var ei fin ramme rundt gudstenesta at samstundes som vi høgtida 50 årsjubileum, var det innskriving av nye konfirmantar i Dale kyrkje.

Storparten av 50 – årskonfirmantane var fødde i 1946. Vi starta i 1953 på 7 ulike barneskular: Bjordal, Espedal, Flekke, Vassdalen, Dingemoen, Strand og Hestad. Då vi slutta på barneskulen våren 1960, var det berre Flekke, Dingemoen og Hestad skular som var att. Konfirmanførebuinga gjekk frå slutten av april og fram til 14. august. Det var samling nokre timar ein gong i veka i gamle kommunestyresalen. Mange hugsar sykkelturen til samlinga kvar fredag. Det var over to mil kvar veg frå Nautsund til Dale. Andre minnest kappsyklinga. Det var om å gjere å kome først til Flekke ved butikken til Odd Eikevik. På kyrkjegolvet måtte ein reise seg og bli høyrd etter kvart som Jakob Steinaron gjekk ned over golvet. Det var eit tilfelle der presten spurde ein konfirmant og naboen på golvet svara for han.

50-årskonfirmantsamlinga starta laurdag 28. august på føremiddagen med samling i gamle kommunestyresalen. Etter mat og orientering, bar det med buss til Haugland og omvising. Til slutt var vi på Lillingstonheimen med omvising, servering og tid til å prate. Andre økta den dagen var på Kroa i Dale. Det var tre rettars middag, kaffi og kaker og ikkje minst sosialt samvær. Det var mange som kunne hugse ulike hendingar frå den gongen.

Sundag 29. august hadde vi samling ved grava til Arne J. Myklebust før gudstenesta. I sjølve gudstenesta gjekk vi i prosesjon fram i kyrkja. Som første innslag i gudstenesta, stod vi alle i koret medan Hans Stav las opp namna på dei som var framkomne. Han måtte svare på nokre spørsmål frå Knut Arne Kummeneje, men det var ikkje så nervepirrande som for 50 år sidan.

Etter gudstenesta hadde vi kyrkje-kaffi for oss sjølve på Ljosheim. Neste punkt var at Sigvard Sørebo Skaar viste oss rundt på ungdomsskulen. Vi var dei første elevane som fekk flytte inn i nybygd skule. Til slutt tok Knut David Hustveit seg av omvising i Klokkegarden. Overskotet på over 2000 kr er gitt til barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden. Samlinga var ei flott oppleving for alle oss 50-årskonfirmantar.

Hans Stav.



# Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2011

– No er livet betre

*Då mamma fekk lån til å starte ei grønsaksbu, fekk Yohana (14) eit heilt nytt liv.*

Yohana (14) er i si eiga verd medan han traskar ved sida av mor si. Det er tidleg om morgonen, og han er trøtt. Dei skal gå langt for å hente grønsaker til bua på torget.

– Eg hjelper mamma med jobben morgon og kveld. Det er ei glede. Ho gir meg skulepengar, slik at eg kan få utdanning, fortel Yohana. Han bur saman med mor si og tre søsken i landsbyen Chunya i Tanzania. For to år sidan vart mora med i ei VICOBA-gruppe gjennom Kirkens Nødhjelp.

– Då vart livet betre. No har vi råd til mat, klede og skule, fortel den unge guten.

## Skaper forandring

VICOBA (Village Community Banks) er spare- og lånegrupper der medlemmene sparer små beløp kvar månad. Pengane blir samla i ein pott, og medlemmene får høve til å ta opp smålån for å investere i inntektsgjevande arbeid og ei betre framtid.

– Vi starta arbeidet med VICOBA i 2006. I dag er det over tusen registrerte VICOBA-grupper, fortel Godfrey Walalaze, Kirkens Nødhjelp sin programrådgjevar i Tanzania.

Det er medlemene sjølve som eig "banken". Rentene på låna som blir tekne opp, kjem alle eigarane til gode. Slik går overskotet frå prosjektet tilbake til lokalsamfunna. Kirkens Nødhjelp støttar VICOBA-gruppene



med opplæring i tillegg til bankboksar og anna materiell.

– Eg blir stadig imponert av menneske som før ikkje har hatt ressursar til å gjere noko ut av livet sitt, men som no reiser seg på VICOBA-møta og fortel den eine suksesshistoria etter den andre: om at dei kan halde barna i skulen, om at dei har skapt seg eit levebrød, og at dei tener pengar, fortel Walalaze.

## Viktige forsamlingar

I Tanzania er kyrkja ein naturleg stad å møtast for å ta tak i utfordringar i kvardagslivet. Mange som har vorte med i ei VICOBA-gruppe har høyrte om arbeidet gjennom den lokale forsamlinga si, og mange VICOBA-grupper har òg møta sine i kyrkja, sjølv om

VICOBA er eit prosjekt på tvers av religionar.

– VICOBA gir menneske styrke til å tenkje gjennom kva dei treng, og korleis dei kan få tak i det. Ansvaret blir lagt i hendene deira, men vi kan gi dei kunnskap og støtte til å stå opp for sitt eige liv. Vi opplever at VICOBA-gruppene tenner voner, seier Walalaze.

## Salatblad og utdanning

Yohana og mora er framme hos bonden der dei skal hente grønsakene. Den unge guten har draumane klare for framtida:

– Etersom mor mi er med i VICOBA, kan eg studere, viss eg jobbar hardt for det. Eg har lyst til å bli politi. Eller jobbe for at landet skal bli meir rettferdig. Demokrati er viktig. Eg vil vere med på å gjere Tanzania til ein god stad å leve for mange.

I dag er det salatblad som skal berast tilbake til torget. Flaks! Stort volum, men lett å bere. Yohana smiler og myser mot sola. Denne dagen skal bli god.



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

- Over éin milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferd tek menneskeliv kvar dag. I år set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon søkjet lyset på økonomisk rettferd. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom.
- Det er kyrkjelydar landet rundt som står for gjennomføringa av Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. (Namn på kyrkjelyden din) kyrkjelyd arrangerer aksjon xxxx dato og treng bøsseberarar. Ta kontakt med (... namnet på kyrkjelyden eller kontaktperson) dersom du vil vere med.
- Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.



### Tysdag 12. april: DØR-TIL-DØR- AKSJON

Kvart år i tida før påske går innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp sitt bistands- og naudhjelpsarbeid. Dette er ein innsamlingsaksjon som blei starta i 1967 og som går kvart år i tida før påske. I 2003 blei namnet "Brød for Verda" skifta ut med "Fasteaksjonen".

Dei siste åra har vi i kyrkjelydane i Fjaler gjennomført ein dør-til-dør-aksjon på aksjonsdagen til Kirkens Nødhjelp – tysdag før palmesøndag. Størsteparten av dei som går er konfirmantar, men også vaksne har dei siste åra delteke i aksjonen.

I Fjaler vert dør-til-dør-aksjonen til Kirkens Nødhjelp tysdag 12. april, ettermiddag og kveld. Vi oppmodar alle til å ta godt imot bøsseberarane våre! Ditt bidrag er viktig!

## Kyrkjevalet 2011

### Nye kyrkjelege val hausten 2011 – Val same dag som kommune- og fylkestingsvalet. (11.-) 12. september.

På nettsida [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) finn du meir stoff om det kyrkjelege valet.

Nytt soknerådsval no igjen, vil du kanskje spørje – og ja, det er berre to år sidan førre val, som då var samstundes med stortingsvalet hausten 2009. Men no er ein tilbake med kyrkjelege val kvart fjerde år – og for første gong samstundes med kommune- og fylkestingsvalet.

### I september blir det val til Fjaler sokneråd, men også val til bispedømeråd / Kyrkjemøte.

Vi håpar å kunne avvikle valet, slik som ved valet i 2009, i vallokale nær kommunen sine vallokale. Vi vil også ha dei same opningstidene som ved det kommunale valet.

Fjaler sokneråd er ansvarleg for gjennomføringa av valet, og leiar i valkomiteen er Odd Jarle Kjørstad. Leiar i soknerådet er Terje Roald Halsnes. Nominasjonsnemnda Aud Haugstad – leiar, Liv Sandsund og Jarle Skaar Langeland har jobba godt med å få klar vallista. 4 stk av dei faste soknerådsmedlemene og to varamedlemer tek attval, og blir å finne på vallista som er offentlig etter 1.mai 2011.

For å auke demokratiet, er det gjort nokre endringar når det gjeld røysting frå valet i 2009. Sjølv om høvet til å endre på røystesetelen er færre, vil ein likevel ha større påverknad enn tidlegare til å avgjere kven som skal vere dei 8 medlemene med fast plass i rådet.

Når det gjeld soknerådsvalet, minner vi om desse endringane alt no.

Ved røysting kan du:

- gje tilleggsrøyst til kandidat på vallista ved å setja eit kryss i ruta til venstre for namnet. Ved oppteljinga får då kandidaten / kandidatane to røyster.
- føye til namn på vallista ein gong. Desse kan ikkje få tilleggsrøyst
- stryke namn på vallista ved å setje strek over namnet. Desse vert ikkje talde.

Det er ikkje høve til å endre rekkjefølgja på kandidatane – flytte personar opp/ ned på vallista.

Med endringar i reglane for oppteljing har alle kandidatane på vallista ein reell sjanse for å bli valde inn. Det hadde ein ikkje tidlegare. No blir alle namna som blir ståande på lista talde. Ved førre val vart berre dei 8 (faste) + 5 (vara) = 13 øvste namna talde.

Det er også gjort endringar i valreglar for bispedømeråd/Kyrkjemøte men det kjem vi attende til i eit kyrkjeblad som kjem ut i starten av august. Der vil vi også kome med ein presentasjon av kandidatane, både til soknerådet og bispedømeråd/Kyrkjemøte.

**Demokratireforma** i Den norske kyrkja blir gjennomført i perioden 2008-2011, der erfaringane etter kyrkjevala i 2009 og 2011 er sentrale element. Reforma går inn i ein prosess som på sikt vil gjere kyrkja meir sjølvstendig i høve til staten. Våren 2012 vil det bli grunnlovsendingar som vil gjere dette mogeleg.

### Kyrka i framtida – korleis blir den organisert?

Eitt av måla er å få ein felles arbeidsgjevar i Den norske kyrkja. I dag er bispedømerådet arbeidsgjevar for presten, og sokneråd/fellesråd arbeidsgjevar for dei andre tilsette. No snakkast det om ein felles arbeidsgjevar på prostinivå, men det støttar ikkje presteforeininga. Det er også tanken at soknet skal styrkjast. Soknet er som kjent grunneininga i Den norske kyrkja og juridisk eining.

Geografisk vil truleg sokna vere samanfalande med kommunen (slik som i Fjaler og Askvoll – snart også i Gaular og Naustdal). Men kommunesamanslåing har vore / og vil truleg bli diskutert – også i framtida. Det er også diskusjon om prosti-grensene, som på sikt vil bli justerte – til dømes vil truleg Ytre Sogn prosti bli lagt ned og delt på Indre Sogn-, Sunnfjord- og Nordhordland prosti. Det einaste som tykkjest sikkert er at mykje er usikkert, men at det vil bli endringar er heilt sikkert! Vi går spennande tider i møte med optimisme ☺.



## Nå strømmer lyset inn i våre hjerter

*Nå strømmer lyset inn i våre hjerter med glans frå påskemorgens soloppgang. Et vindu åpnes mot en annen verden, mens vi tar del i Kirkens jubelsang.*

*En soloppgang med lys for alle slekter! Fremdeles skinner lyset klart for oss. Se, troens glede i oss skal forløses og by vår tvil og indre uro tross.*

*Guds kraft har oppreist Kristus frå de døde. Vårt hjerte hører den Oppstandnes røst. Hans grav er tom! Han lever! Se, han lever! Å, hvilket gledesbudskap! Hvilken trøst!*

*Guds kjærlighet er sterkere enn døden! Og vi blir engang løst frå dødens favn. Vi vender våre øyne mot de løfter som håpet bygger på i Jesu navn.*

*Vår Herre Kristus sprengte tidens grenser. Ja, fortid, nåtid, fremtid, alt er hans, og fra vår fremtid kommer Kristus til oss. Kom, la oss flette ham en lovsangs-krans!*

*Nå strømmer lyset inn i våre hjerter, vi eier del i påskens gledesbud: Et åpent vindu mot en annen verden, hvor dødens makt beseiret er av Gud.*

*Svein Ellingsen frå boka "En bønn er gjemt i hjerteslagets rytme" Salmer gjennom femti år*



## PÅSKEVANDRING I FJALER

I samband med trusopplæringa inviterer kyrkja i Fjaler alle døypte 9-åringar til å vere med på påskevandring. I Guddal blir det ikkje påskevandring i år, men vi kjem tilbake med invitasjon eit seinare år. Likevel skal alle få utdelt påskeboka i gudsteneste der dei bur. I Guddal er Barnas påskegudsteneste palmesøndag 17. april kl 11.00.

I ytre Fjaler blir påskeboka delt ut søndag 3. april kl 15.00 i Folkestad kapell der det er Barnas minipåskegudsteneste kombinert med vårkonsert med Do-Re-Mi. Der blir det påskevandring neste år. I Dale kyrkje blir påskeboka delt ut i Barnas påskegudsteneste søndag 10. april kl 11.00 – med påskevandring laurdag 9. april kl 10.30 på Ljosheim, i kyrkja og området omkring.

Du får vere med på ei vandring med ulike stasjonar knytt til påska slik vi feirar den i dag. Du får også høyre korleis det var då Moses levde i Egypt og Israelfolket var slavar der. Du får ete eit påskemåltid. Vi ligg rundt bordet og høyrer om korleis jødane feira påskemåltidet og smakar på ei bitter urt og drikk lidinga sitt beger. Til slutt et vi kjeks, egg og skinke.

Egget er eit symbol på det nye livet som Jesus gav oss då han stod opp frå dei døde. Brødet er symbol på fellesskapen med Jesus og alle som trur på han. Så drikk vi safta frå håpet sitt beger. Jesus ser oss alle og bryr seg om alle menneske!

I Getsemanehagen hogg Peter øyret av på ein soldat. Jesus gjorde det godt att for soldaten og helbreda øyret. Jesus blei så krossfesta, men tre dagar etterpå stod han opp igjen. Han sigra over døden! Siste stopp er Tiberiassjøen. Den oppstadne Jesus møtte disiplane ved stranda. Vi brenner bål, og borna får (godteri)fisk og (polar)brød. Då syng vi: *Dei trudde at Jesus var borte, dei trudde at Jesus var død, då kom han på stranda ein morgon, ved stille sjø.*

Alle i målgruppa får tilsendt brev, men set av datoen allereie no slik at du får med deg årets påskevandring. Vel møtt

KAK



# BARN I GUDS TID

Arklibilete.



Søndag 10. april blir det ei spesiell gudsteneste i Dale kyrkje kl 11.00 med mange barne- og ungdomskor frå Sogn og Fjordane og Hordaland. Gudstenesta "Barn i Guds tid" har musikk av Johan Varen Ugland til flotte tekstar av Eyvind Skeie. Det blir mykje korsong framført av vakre barnestemmer.



UWC stiller med musikarar på fløyte, klarinett, vibrafon og kontrabass, og musikalsk leiar er Ragnhild Hadland (til vanleg dirigent for jentekoret i Stavanger Domkyrkje og leiar for Norges kirkesangforbund). I tillegg deltek 3. årssteg med blomprosesjon og får påskeboka av trusoppplæringsmedarbeidar Stine Kirkeli. Vi høyrer litt om tvilaren Tomas òg.

Våre eigne kor, Dale barnekor, Do Re Mi og barn frå Guddal familiekor, deltek saman med Stamnes barnekor, Stanghelle/Dale barnesongkor, Vaksdal barnekor, Biskopshavn barne- og ungdomskor, Øygarden barnekantori, Ullensvang gutekor og Ullensvang jentekor, Førde kyrkjes jentekor, Slettebakken barnekor og Lindås gutekor.

Kom og opplev 130 korsongarar frå 5 til 18 år synge for oss i sine vakre korkapper!

## Siste nytt om gudstenestereforma

Den aktuelle reformprosessen for gudstenestelivet i Den norske kyrkja kom i gang i 2004. Ny ordning for hovudgudsteneste, ny dåpsliturgi og ny tekstbok (med ny bibelomsetjing) skal etter planen takast i bruk 1. søndag i advent 2011 i heile landet. Kyrkjemøtet skal 5.-10. april 2011 gjere endeleg vedtak om ny liturgi for hovudgudsteneste, ny dåpsliturgi og ny nattverdsliturgi. Kyrkjemøtet skal også vedta nye allmenne vedtak for gudstenestelivet og ny tekstbok for Den norske kyrkja.

Soknerådet skal utarbeide framlegg til "Lokal grunnordning for gudstenestelivet i kyrkjelyden". Den lokale grunnordninga blir vedteken for ein fastsett periode, helst 2-4 år. Fjaler sokne-

råd vedtok ei lokal grunnordning for gudstenester i Fjaler i mars 2009, og sjølv om vi er godt nøgde med den ordninga vi har, er det naturleg med ein gjennomgang av Fjaler si gudstenesteordning før den blir vedteken som permanent ordning i mange år.

Etter at gudstenesteutval og tilsette har sagt sitt, skal framlegget leggast fram for soknemøtet til drøfting og fråsegn. Vedtaket i soknerådet om lokal grunnordning, skal sendast tenesteveg til biskopen, som godkjenningssmyndigheit. Til saka skal det òg liggje ved fråsegn-er frå soknemøtet, frå eit eventuelt mindretal i soknerådet og eventuelt frå soknepresten. Den lokale grunnordninga som soknerådet vedtek, skal gjerast tilgjengeleg for kyrkjelyden og

er å rekne som ei bindande ordning. Hovudgudstenestene i kyrkjelyden skal planleggast og gjennomførast i samsvar med den lokale grunnordninga.

### Ny salmebok

"Salmebok 2008" har vore på høyring. På bakgrunn av høyringssvara avgjorde Kyrkjerådet i mars 2010 at det skal lagast ny salmebok i eitt bind. Ei prosjektgruppe er i arbeid med å sluttredigere salmeboka på bakgrunn av høyringa. Boka skal handsamast av Kyrkjerådet i september 2011 og vedtakast av Kyrkjemøtet i april 2012 og vil liggje føre i trykt utgåve innan 1. søndag i advent 2013..

Kirken.no og MT

# Laurdagsklubben i Dale

Aurora får hjelp av bestemor Liv til å settje klistremerke på frammøtekortet.



"Vi trur på skaparen Gud, vi tenner eit lys i Guds namn.  
Vi trur på Jesus, Guds son. Vi tenner eit lys i Guds namn.  
Vi trur på Anden, vårt håp. Vi tenner eit lys i Guds namn."



Kven har skapt alle fuglane? Vår Gud i himmelen.



Dans og moro høyrer heime i Laurdagsklubben





Gro seier at forrige laurdagsklubb var det søle-rekord under saft- og kjeks-pausen! Ho håper det går betre i dag!



Jenny Helene og Hans Marcus kosar seg med saft og kjeks (heilt utan søl!).



Mathias, Martin og Sebastian er dei største i Laurdagsklubben. Her les Sebastian ein vits frå Barnas søndagsskule-bladet.



“Vi tek kvarandres hender og set oss i ein ring. Vi er ei mengd med søsken, det skil oss ingenting. For Gud er Far til alle og jorda er vår stad. Og alle verdas menneske vil vi til vener ha.”



# Årsrapporten for Fjaler sokneråd 2010

utdrag frå rapporten – i hovudsak om trusopplæringsarbeidet.  
Heile rapporten finn du på [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

Årsrapporten skildrar aktiviteten til Den norske kyrkja i Fjaler – aktiviteten til Fjaler sokneråd med sine tilsette, samt aktiviteten til soknepresten som har bispedømerådet som arbeidsgjevar. Vi har eit godt innarbeidd arbeid som vert vidareført, både av stabile tilsette og stabile aktivitetar.

**Fjaler sokneråd** har 8 faste leke medlemmer og sokneprest Knut Arne Kummeneje som er geistleg representant. Når rådet handsamar saker som "kommuner med flere sokn tillegg er kirkelig fellesråd.", (Jfr. KL §6) møter den kommunale representanten som denne perioden er Hans Stav (medlem FS og KS frå KRF). Leiar var Terje Roald Halsnes.

## **Soknerådsmøte - saker, representasjon, soknemøte og samlingar.**

Fjaler sokneråd hadde seks møte, og handsama totalt 59 saker. Av saker kan nemnast: Uttale frå sokneråd vedkomande gudstenesteordning og fordeling av prestestillingane i Bjørgvin. Diakonale tiltak som kyrkjeskys. Trusopplæring. Innervindaug til Dale kyrkje. Måling av Dale kyrkjegard. Diverse arbeid på Dale kyrkjegard. Innervindaug i Guddal kyrkje. Liturgi. Høyring om framlegg til endringar i gravferdslova og nokre endringar i kyrkjelova. Omorganisering av prestetenesta i Fjaler sokn. Reglar for betaling for bruk av kyrkja. Vedlikehaldsprioritering i Dale kyrkje. Oppussing av prestesakristiet i Dale kyrkje. Årlege saker som årsrapport, rekneskap, budsjett og økonomiplan.

## **Prestetenesta og prestegarden**

Etter å ha utført presteteneste i Fjaler i nær 16 år, slutta Sigurd Wahl Sande 31.januar. Han hadde då vore sokneprest i vel 13 år og dei 2 ½ siste åra seniorprest i 60 % stilling. Sigurd vart takka i gudstenesta i Dale

kyrkje 31.januar med påfølgjande kyrkje-kaffi på Ljosheim. Her var det fleire helsingar, også frå Fjaler kommune ved rådmann Ola Hovland. Cantus song. Sigurd har heile tida vore medlem i Cantus, noko han held fram med sidan han framleis vert busett i Fjaler – på Straumsnes. Dette var ei fellesamling for heile Fjaler – etter Sigurd sitt eige ønskje – og var ei god og velfortent markering etter hans lange presteteneste i Fjaler.



Pensjonert prest Otto Høyvik var vikar i Fjaler og Gaular frå 1.feb. til 14.mars. Prestevikar Kurt Soltveit var ferieavlysar sommaren 2010, samt nokre veker utanom – til saman 8 veker. I tillegg har Fjaler – Gaular hatt litt sporadisk hjelp frå Førde til å avvikle gravferder.

## **Samarbeidsområdet Fjaler – Gaular.**

Samarbeidet om prestetenesta i Fjaler og Gaular som starta i 2005, har, etter at Fjaler mista 60% presteressurs, omfatta berre tenesteveker for avvikling av gravferder, og ikkje lenger gudstenester. Samarbeidet om felles trusopplæring held fram. Dessverre vart tilskotet frå staten trappa ned i 2010, og blir halvert frå 2011. Dette gjer at vi, som tidlegare nemnt, berre har ei halv stilling på deling med Gaular. Kyrkjeveirjane samarbeider ved avvikling av ferie.

## **Gudstenester**

Fjaler sokn fortset med utprøvinga av ny liturgi. Nokre justeringar er gjort undervegs fram mot fast innføring av ny liturgi, første søndag i advent 2011. Ny dåpsliturgi vart teken i bruk i Dale kyrkje 1.juledag. Fleire enn tidlegare er meir aktive i gudsten-

estefeinga, og det opplevast positivt for dei som deltek. Barn, konfirmantar og medliturgar er aktivt med. Kor og kormedlemmer deltek jamleg med song, og er forsongarar. Konfirmantmusikkgruppa i Dale har songteneste på omlag seks gudstenester. Barn frå Laurdagsklubben i Dale deltek også med song i fleire gudstenester.

Eit sentralt innslag i gudstenesta er evangelieprosesjonen der konfirmantane er lysberarar. Prest og medliturgar går ned frå koret og evangelieteksten vert lesen.

I Dale kyrkje har vi årleg ei gudsteneste i slutten av januar der brukarar frå arbeidslag 2, konfirmantband og "Go Bananas" deltek.



Fjaler og Naustdal samarbeidde om gudstenesta i Naustdal kyrkje søndag 7.februar då biskop Halvor Nordhaug deltok på si første gudsteneste i Sunnfjord prosti. For første gong i Sunnfjord, utanom Fjaler, vart ei gudsteneste avvikla med ny gudstesteliturgi.

## **Musikkarrangement og konsertar.**

Også dette året var det i kyrkjene og kapella 14 musikkarrangement og konsertar. 11 arrangement arrangert av kyrkjelydane i Fjaler ved kantor Mark Taylor, og 3 konsertar der eks-terne leigde kyrkjene. Til saman var



1.816 (snitt på 130) menneske på desse arrangementa. Julekonserten er eksempel på større samarbeidstiltak på tvers av lag og organisasjonar. Kyrkjekoret Cantus er ein sterk bidragsytar til musikkarrangementa. Guddal kyrkje hadde konsert med "Salig blanding" og songgudsteneste på Palmesundag. Folkestad kapell hadde to "Syng med oss"-kveldar, vårkonsert med DoReMi og julekonsert. Dale kyrkje har dei fleste



arrangementa. "Syng med oss"-kveld, Gospelkonsert med Calvin Bridges og lokale kor, orgelkonsert med vår eigen kantor Mark, avslutningskonserten i Dalsfjordveka med Jorunn Torsheim, Korkonsert med Svartehavets Don Kossak kor, orgel- og pianokonsert av organisten i Askvoll, julekonsert. Nokre dagar før jul vart "Den store kongen" av Takle og Bjerkheim framført av elevar ved Dingemoen skule inkludert Dale barnekor, der kantor og kulturskulen sto for det musikalske.

### Med ord, felespel og glasmusikk.

Musikkteater om salmediktaren og forkyrnaren Matias Orheim vart 10. april presentert i Dale kyrkje av Sogn og Fjordane Teater.

### Trusopplæring

Vi følgjer den lokalt godkjende kjerneplanen "Saman i trua – Saman i kyrkja" der aktivitetane er knytt opp mot utdelingsgudstenestene. Trusopplærar Stine Kirkeli er med på så mange av aktivitetane som ho har kapasitet til innanfor 25 % stilling. Kantor Mark er med på noko av førebuingane til gudstenestene. Dette fordi ungane som deltek på breiddetiltaka, er aktive deltakarar i liturgien, ofte saman med kormedlemer. Ungane får opplæring i liturgi og salmesong med rørsle.

### Dåpssamtale og barsedåp

Med dåpsfamiliane som bur i soknet, blir det gjennomført ein dåpssamtale mellom prest og foreldre i tida før dåpen. Her blir det lagt spesiell vekt på å informere om trusopplæringa som kyrkja har å tilby dåpsbarnet. Saman med foreldre, fadrar og øvrig familie, ønskjer kyrkja å vere ein medaktør i å gi barnet dåpsopplæring. I dåpssamtalen får dåpsbarnet ein perm med informasjon om dåpen og dåpsopplæring. I dei tre følgjande åra etter dåpen, sender kyrkja ut brev med informasjon som skal setjast inn i dåpspermen. Brevta tek spesielt for seg dei kristne høgtidene; første året om jul, andre året om påske og tredje året om pinse. Det vert mellom anna sagt noko om korleis familiane, saman med barnet, kan feire og lage sine egne tradisjonar rundt desse høgtidene. I tillegg til dåpsperm, får dåpsbarnet ei innramma kveldsbøn til å hengje over senga, samt ein CD med kristne barnesongar. Det blir lagt vekt på å involvere dåpsfamiliane under gudstenesta, mellom anna med tekstlesing.



### Barnas kyrkjebok til 4-åringane

Fjerde året etter dåpen, inviterer kyrkja dåpsbarnet til å vere med på eit opplegg knytt til utdelinga av "Barnas kyrkjebok". Fireåringane tykkjer det er stas å få komme slik til kyrkja og delta i gudstenesta. Laurdagen før gudstenesta gjennomfører vi ei samling med barna der dei får øve på songane og det dei skal vere med på dagen etter. Vi øver mellom anna på prosesjon og

det å motta boka. Elles er dei med på rørsler til salmar og bøner. Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi med "orgelbrus"; pølsar, brus, kaffi og kakker.



### Dåpsskule for 6-åringar

Same hausten som barna byrjar på skulen, får dei tilbod om å vere med på dåpsskule. Dåpsskulen går over fire samlingar, inkludert gudsteneste og laurdagssamling. To samlingar blir gjennomført på ein vekedag, ofte fredag eller i SFO-tida. Tema for den første samlinga er "Jesus og nattverd", og den andre samlinga "Jesus og bøn". I laurdagssamlinga øver vi til gudstenesta med prosesjon, songar, bøner, drama og rørsler. Dei får òg høyre forteljinga om då Gud skapte jorda og universet. Søndagen deltek dei i gudstenesta og får utdelt 6-årsboka. Denne gudstenesta er knytt opp til hausttakkefesten.

### Påskevandring for 9-åringar

I tida etter påske inviterer kyrkja dei på 3. årssteg til å vere med på påskevandring. Dette er eit opplegg som er knytt opp til ei gudsteneste der dei får utdelt påskeboka "Første dagen i veka...". Ein dag før gudstenesta gjennomfører kyrkja påskevandring med barna der dei får høyre om dagane i den stille veka; palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskedag – gjennom dramatisering og song. Dei får mellom anna smake på eit symbolsk påskemåltid der dei får høyre om Israelfolkets utvandring frå Egypt – då Moses ved Guds hjelp redda dei frå slaveriet – knytt opp mot den kristne nattverden som Jesus innstifta.

### "Den store forteljinga" for Minikonfirmantar

Her får dei på 5. årssteg invitasjon til å vere med på fire samlingar inkludert gudsteneste som dei førebur i ei saml-

ing. I tillegg er det to samlingar som har fokuset Det gamle testamentet og Det nye testamentet. Kyrkja ønskjer å gje barna ei oversikt over kva Bibelen handlar om, særleg med vekt på forteljingane frå urhistoria og patriarktida frå GT, og Jesu liv i NT.



### Konfirmantundervisning og konfirmasjon

Slik det er i dag i Fjaler, blir kyrkja si trusopplæring avslutta med konfirmasjon. Gjennom året får konfirmantane opplæring i kristen tru og praksis. Det nye dei siste åra, er at dei har blitt endå meir delaktige i gudstenestene gjennom oppgåver i samband med å vere medliturgar. Som medliturgar har konfirmantane på seg kvite kapper og utfører liturgiske oppgåver som å gå i prosesjon, lese tekst, ta inn offer osv.

Konfirmasjonstida består av undervisningstimar i skuletida – inkludert ein konfirmantdag, deltaking i minst 10 gudstenester, nattcup i Førde, konfirmantleir på Alværa, samt deltaking på fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. I tillegg har konfirmantane ettermiddagsundervisning der dei førebur ei gudsteneeste. Å delta i gudstenester er eit prioritert mål i konfirmasjonstida. Kantor har i ti år hatt ansvaret for ei song- og musikkgruppe i Dale. Dette året var det også musikkgruppe i Våge som deltok på 3 gudstenester i ytre Fjaler. Hovudopplegget for undervisninga er knytt til læring om Kristuskransen, eit perlekjede der dei ulike perlene symboliserer forskjellige sider av det levde livet, og relasjonen til Kristus.

### Barn og nattverd

Dei siste åra har kyrkja i Fjaler satsa spesielt på å undervise barna om nattverd. I dåpsskulen får barna, som då er 6 år, kjennskap til nattverd og nattverdpraksis. Vi fortel om nattverd, og øver på å gå til nattverd. Etter vedtak



i soknerådet, blandar vi kyrkjevin med druejuice til desse nattverdtiltaka for barn i trusopplæringa. I dei seinare tiltaka i trusopplæringa, møter barna nattverden igjen, og på den måten får dei utvida kjennskap til nattverden på eit høgare utviklingstrinn. I alle gudsteneestene i trusopplæringa har vi nattverd – unnateke i gudsteneesta for fire-åringar.

### 16 – 18 år

Fjaler har ikkje breiddetiltak for aldersgruppa 16 – 18 år, utanom samarbeidet vi har med UWC. Elevar frå UWC deltek som leiarar på konfirmanthelg, og i tillegg er elevar engasjerte fast i gudsteneesta på Nord-Sør søndagen, og musikarar frå UWC spelar på einskilde konsertar. Nokre gonger engasjerer kantor elevar frå 10. årssteg til å syngje i gudstenester.

### Korarbeid

Korarbeidet til kyrkjemusikar Mark Taylor er eit viktig og stabilt trusopplæringsarbeid i Fjaler. Medlemene får utvikla songstemmer og bli musikkinteresserte samt får trening i samarbeid. Mange, både barn og vaksne, får utvikle seg som solistar og forsongarar.

Kora er dei same, men tal på medlemmer varierer litt år for år. Dette er i hovudsak eit kontinuerleg arbeid men omfattar også avgrensa tiltak. Dette kontinuerlege arbeidet er av det statlege trusopplæringssekretariatet ikkje definert som breiddetiltak. I Guddal familiekor er det med barn i heile aldersspekteret, noko som må kvalifisere til å definere det som eit breiddetiltak.

Dei fire kora er: Dale barnekor (11 stk våsemester og 22 stk haustsemester), Guddal familiekor (16 stk, 11 barn og 5 vaksne), Do Re Mi (frå Hellevik og Folkestad) (13 stk) og Cantus (23 stk).

Kora syng jamleg på gudsteneestene,

og kormedlemer er også med som forsongarar. Kora har turar som styrkjer samholdet og gir inspirasjon. Barn frå alle tre kora deltok i mars på Barnefestivalen for KFUK-KFUM på Operahuset på Eid. Dale barnekor var i april på vårtreffet for Ung Kyrkjesong Bjørgvin i Kinsarvik, og haustturen gjekk i oktober til hausttrevet for UKB i Bergen.

Alle dei fire kora gjer gudstenestene rikare og kora har konsertar også utanom Fjaler. Kora bidreg også diakonalt med konsertar på Sjukeheimen. Dei ulike kora har sine eigne årsmeldingar som gir utfyllande opplysningar om aktiviteten.

### Samarbeid med anna verksemd

Kantor Mark Taylor samarbeidar med andre kyrkjelydar og regionale og lokale lag og organisasjonar, samt med kulturavdelinga i kommunen. Kulturskuleelevar og lærarar deltek på nokre gudstenester og konsertar.



### Søndagsskule

Det er laurdagsklubbar i Dale og i Guddal. I Dale har 60 ulike barn vore innoom og 40 av desse har betalt medlemspengar. Her er det, som det har vore sidan 1998, Gro og Knut Arne Kummeneje og Joy Taylor som er ansvarlege. Laurdagsklubben i Guddal, som starta opp i 2008 har 12 barn – der er Ingebjørg Gallefoss hovudansvarleg. På Hovland har Kari Hovland Sæle hatt 8 barn, og i Våge har Ruth Skår hatt 3+ barn på søndagsskulen. Kari og Ruth har vore søndagsskulelærarar ein generasjon. Soknerådet er takksame for dei ulønna medarbeidarane som har ansvaret for dette viktige arbeidet. ☺

### Diakoni

“Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling og blir



uttrykt gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kampen for rettferdighet.”

Trusopplæring og korarbeid er diakoni i praksis. Elles har Fjaler sokn følgjande diakonale tiltak finansiert av Diakonifondet: Blomehelsing før jul til næraste pårørende etter eit dødsfall. Kyrkjeskys med drosje 4 gongar i året frå Straumsnes til gudstenester i Dale kyrkje, og i 4-5 gongar til Guddal kyrkje frå Hovlandsdal og Heggheim. Her betalar dei som nyttar seg av tilbodet ein eignedel. Bøker til gåve i samband med heimebesøk og ved andre høve. Til nokre gudstenester i Dale køyrer frivillige frå omsorgsbustadane ved Helsetunet til Dale kyrkje. Presten blir oftast spurt om å ha andakt på dei faste møta i Pensjonistlaget. Kyrkja har ikkje hatt ansvar for sorggruppe i Fjaler, men seniorprest Sigurd Wahl Sande har også dette året hatt eit par samlingar med sorggruppe, då i regi av organisasjonen "Leve".

#### Misjonsavtale

Fjaler sokneråd sitt misjonsprosjekt "Integrert landsbyutvikling i Mali" til Det Norske Misjonsselskap fekk overført 19.551,50 kr (19.406 kr i 2009) som er teke inn i offer. Prosjektet har fokus på kvinnene sine rettar, samt miljøvenleg forvaltning av naturressursane. På den årlege

## Vi treng ny kyrkjetenar i Dale kyrkje frå sommaren 2011

Kyrkjetenaren skal vere til stades ved alle arrangement i kyrkja, og gjere teneste ved alle gudstenester (ca 34), konsertar (ca 7) vigsler (ca 3) og gravferder (ca 19).

Reinhold av kyrkja er også ein viktig del av stillinga.

- Gudsteneste annankvar søndag – oftast kl. 11.00, men også kveldsgudstenester.
- Gudstenester ved alle høgtider.
- Barnehage – skulegudstenester.
- Konsertar både i helgar og i vekene. Vigsler på laurdag. Gravferder

Kyrkjetenaren må vere medlem av Den norske kyrkja.

Tilsetjing og løn etter KA sin tariffavtale. Lør-/søndags-, kvelds- og høgtidstillegg.

Kyrkjetenaren må vere punktleg, ryddig, høfleg, og ha gode samarbeidsevner.

Stillinga vert løna etter innlevert timeliste.

For fleire detaljar – ta kontakt med kyrkjevevjerje Irene Fløde tlf 57739771/99238420

Søknadsfrist 29. april 2011.

Søknad til Fjaler sokneråd v/kyrkjevevjerje Boks 18. 6961 Dale i Sunnfjord.

misjonsjonsoksgudstenesta i Guddal var tidlegare Malimisjonær i NMS, Ingvald Frøyen, prest og var også med på misjonsmøtet på skulen etterpå.

#### Kyrkje – barnehage/skule samarbeid

Målsetjinga her er besøk i barnehagar og skular, besøk av barnehagar og skuleklassar i kyrkjene, og barnehage- og skulegudstenester i kyrkjene. Skulegudstenestene blir førebudde saman med skuleelevar. "Vandring gjennom bibelen for born" er eit 4-timarskurs kyrkja gjennomfører som ein

del av RLE-faget. Vi har òg eit fast opplegg med "Sjekkkeboka" for 4.klasse – der målet er å sjekke ut kyrkja og kyrkjerommet. På grunn av vakanse i stillingar, har aktiviteten i dette samarbeidet vore lågare enn normalt i 2010.

#### Institusjon – heimebesøk

Fjaler sjukeheim har andakt annankvar tysdag, og gudstenester med nattverd knytt til høgtidene påske og pinse. Alle gudstenester og dei fleste gravferder i Dale kyrkje vert overført til sjukeheimen. I tillegg er prest på besøk til bebuarar både på institusjon og heime etter førespurnad. Dale barnekor, Do Re Mi, Guddal familiekor og Cantus har delteke på Sjukeheimen med minikonsertar.

#### Samtale knytt til dei kyrkjelege handlingane

**Dåp.** Foreldre som ønskjer å døype barnet sitt, møter først til dåpssamtale med presten. Dette er omtala under punktet "Dåpssamtale og barnedåp."  
**Vigsel.** I samband med bryllaup har prest og kantor kontakt med brudeparet, og legg til rette for at dei kan vere delaktige i planlegginga av seremonien.

**Gravferd.** Ved dødsfall har pårørende samtale med prest. Gravferdsbyrået blir nesten alltid engasjert i samband med gravferd. Dersom det er ønskeleg, er presten ofte med ved visning/båreandakt og minnesamvær.

## Kyrkjestatistikken

	2008	2009	2010
<b>Døyppte:</b>			
Dale	19	16	27
Folkestad	5	3	4
Hellevik	0	1	2
Guddal	2	2	6
<b>Sum</b>	<b>26</b>	<b>22</b>	<b>39</b>
<b>Konfirmerte:</b>			
Dale	24	24	20
Folkestad	5	6	0
Hellevik	4	2	5
Guddal	3	1	3
<b>Sum</b>	<b>36</b>	<b>33</b>	<b>28</b>
<b>Vigde:</b>			
Dale	4	3	2
Folkestad	1	0	1
Hellevik	1	0	0
Guddal	0	0	1
<b>Sum</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>4</b>
<b>Døde:</b>			
Dale	19	21	16
Folkestad	5	6	7
Hellevik	5	4	3
Guddal	4	4	3
<b>Sum</b>	<b>33</b>	<b>35</b>	<b>29</b>

# Fyndord

## GOD PÅSKE frå irene -

med nokre vers

av Trygve Bjerkheim frå fødselsdagsboka  
"År og dag" og nokre vers frå Bibelen.

*Opp, alle fuglar i verdi vide,  
og kved ein lovsong ved solsprett-tide!  
For Kristus steig or den stengde grav;  
no vell om verdi eit gledehav.*

*Og de som sorger og synd fekk tyngja,  
no også de må ein lovsong syngja!  
For Kristus kvitta vår tunge gjeld,  
vår død er drepen – vår fiend feld.*

*Men no er Kristus oppstaden frå dei døde.  
Han er førstegrøda av dei som har sovna inn.*

1 Kor 15,20

*Kvar morgon dukar du bord åt meg,  
kvar dag er din nåde ny.  
Kvar morgon som renn, får eg møta deg  
og inn i din kjærleik ty.  
Og atter må angest og natteskodd  
for solarsprettis signing fly.*

*Vil eg telja dei, er dei tallause som sand;  
kjem eg til endes med det, er eg enno hjå deg*

Sal 139,18

*Du tenkjer på meg i ditt rike, -  
den tanken gjer meg trygg og glad.  
Dei tyngste suter må då vike,  
og sjela syng eit vonfullt kvad.  
Kor godt på livsens pil-  
grimsveg:  
Du, Jesus, tenkjer og på  
meg!*

*Kristus Jesus er den som  
døydde, ja, meir enn  
det,  
han vart reist opp og er  
ved Guds høgge hand,  
og han bed for oss.*

Rom 8,34



## I kyrkjelyden sidan sist

### Dale

#### Døypte:

Emilie Nordnes  
Johannes Pil Prestøy Sandsund  
Sanna Ulvatne Igelkjøn  
Vetle Hermansen Flekke  
Celina Berge Ullebø

#### Avdøde:

Marie Oline Vosseteig	f.1922
Oskar Nikolai Myklebust	f.1920
Olav Stranden	f.1925
Marit Bortheim	f.1929
Erling Solheim	f.1918
Kolbjørn Solheim	f.1922

### Guddal

#### Avdøde:

Helene Hovlandsdal	f.1923
Olav Ødemark	f.1931

### Hellevik

#### Avdøde:

Albertine Iden	f.1910
Liv Vadøy	f.1938
(gravlagd i Holmedal)	
Laura Jensine Lone	f.1920

### Folkestad

#### Avdøde:

Nora Midtbø	f.1926
Odd Folkestad	f.1927
Henry Svendsen	f.1930



Innhogging av nye namn  
og oppfrisking av skrifta  
på gravminne.  
Kyrkjevevja formidlar  
kontakt med ein som kjem  
vår og haust og gjer slikt  
arbeid.  
Ta gjerne kontakt!



# Femteiknsbøna

## forbøn med rørsler

Kjære Gud, du er hos oss.  
Tenn ditt lys i oss.



Kjære Jesus, du går med oss.  
Lat oss få leve i din fred.



Kjære Gud, du ser oss.  
Ta imot våre tankar og stille bønner.



Kjære Jesus, du tek oss i handa.  
Lei oss på din gode veg.



Gode Heilage Ande, takk for at vi ikkje  
er åleine, hjelp oss å sjå kvarandre med  
kjærleik.

Her ser du bønnegruppa av minikonfirmantar som leia  
forbøna i gudstenesta 13. februar.



# Velkommen til kyrkje

## DALE KYRKJE

**Sundag 10. april kl.11.00**

Barnas påskegudsteneste: Barn i Guds tid av Eyvind Skeie og Johan Varen Ugland. Utdeling av påskeboka v/ Stine Kirkeli. Kor frå Ung Kirkesang Bjørgvin deltek. Nattverd. Offer til Ung Kirkesang Bjørgvin.

**Langfredag 22. april kl.19.30**

Gudsteneste.

**Påskedag 24. april kl.11.00**

Gudsteneste med dåp og nattverd. Cantus deltek. Kyrkjeskysst frå Straumsnes. Offer til Strømmestiftelsen.

**Sundag 8. mai kl.10.00**

Konfirmasjonsgudsteneste (klasse 9a). Offer til kyrkjelydsarbeid.

**Sundag 8. mai kl.12.00**

Konfirmasjonsgudsteneste (klasse 9b). Offer til kyrkjelydsarbeid.

**Tysdag 17. mai kl.11.00**

Gudsteneste. Barnekoret deltek. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

**Sundag 29. mai kl.11.00**

Gudsteneste med konfirmantinnskrivning. Offer til KFUK-KFUM Sogn og Fj.

**Onsdag 8. juni kl.19.30**

Fransk aftan: Orgelkonsert med Mark Taylor. Kollekt til NMS Misjonsprosjekt.

**Pinsedag 12. juni kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd. Cantus deltek. Offer til Livsmeistringsenter Skei.

**Sundag 26. juni kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd. Offer til Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet.

**Sundag 17. juli kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd. Offer.

**Sundag 7. august kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd. Offer.

## GUDDAL KYRKJE

**Palmesundag 17. april kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd. Utdeling av påskeboka til 3. årssteg. Familiecoret deltek. Kyrkjeskysst. Offer til Strømmestiftelsen.

**Tysdag 17. mai kl.13.00**

Gudsteneste. Familiecoret deltek. Offer til Guddal familiecoret.

**2. pinsedag 13. juni kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd. Konfirmantinnskrivning. Familiecoret deltek. Offer til Livsmeistringsenter, Skei.

**Jonsok fredag 24. juni kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd. Offer til NMS Misjonsprosjekt. Misjonsfest på skulen etterpå. Kyrkjeskysst.

## HELLEVIK KAPELL

**Skjærtorsdag 21. april kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd. Offer til Strømmestiftelsen.

**Sundag 1. mai kl.10.00**

Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til kyrkjelydsarbeid.

**Sundag 5. juni kl.11.00**

Gudsteneste. Konfirmantinnskrivning i ytre Fjaler. Offer til KFUK-KFUM Sogn og Fj.

## FOLKESTAD KAPELL

**Påskedag 24. april**

kl.19.15 Miniorgelkonsert v/ kantor Mark Taylor. kl.19.30 Gudsteneste med nattverd. Hardingfele v/Egil Furenes. Offer til Strømmestiftelsen.

**Sundag 1. mai kl.12.00**

Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til kyrkjelydsarbeid.

**Tysdag 17. mai kl.11.00**

Gudsteneste. Offer til Folkestad bedehusapell.

**Treiningssundag 19. juni kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd. Offer til NMS Misjonsprosjekt.



## ANDRE STADER STEIESTØLEN

**Langfredag 22. april kl.11.00**

Friluftsgudsteneste.

## FJALER SJUKEHEIM

**2. påskedag 25. april kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd.

**Helgetorsdag 2. juni kl.11.00**

Gudsteneste med nattverd.

## KORSSUND

**Sundag 31. juli kl.15.00**

Friluftsgudsteneste ved steinkrossen. Ta med sitteunderlag.  
Under tak ved butikken viss dårleg vær.

# Konfirmantane 2011

### Dale kyrkje

**søndag 8. mai kl.10.00**

Sander Eikevik Dyrstad  
Christopher Julian Pitkanphai  
Skadal

Guro Flekke

Ørjan Strand

Torgrim Liabø Thorsen

Ingrid Nedrebø

Silje Marita Øvrestrand

Fredheim

Merete Johnsen Leknesund

Lena Jarstad

Elid Myklebust Haaland

Oda Arstein Nedrebø

Miriam Susann Solheim

Frida Haugsbakk

Tommy Rudi Flekke

### Dale kyrkje s

**øndag 8. mai kl.12.00**

Henrik Sollesnes Kummeneje

Amalie Ness

Iris Mari Andreassen

Nordbotten

Andrea Rennestraum

Kristiane Løseth Haugen

Odd-Helge Solheim

Rebecca Rennestraum Øen

Knut Haugen Svardal

Rebekka Hugøy

Marcus Kveane

Sofie Stensæth

Kay-Espen Hatlem Kjøsnes

Andrea Boge Solås

Sigbjørn Skogly

### Hellevik kapell

**søndag 1. mai kl.10.00**

Richard Lone Stølen

Simen Stølen

Jonas Holt

Jarle Svorstøl Berge

### Folkestad kapell

**søndag 1. mai kl.12.00**

Fredrik Ulvik Fristad

Ingunn Bentås Hofland

Steffen Haugen

Madeleine Landro Lone

Ole Martin Snekkevåg

Øyvind Einen

Silje Hugøy Furset

Vegard Vesterås



## Kyrkjeblad for Fjaler

Bankkontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 150,-/175,- for året.

Redaktør: Joy Taylor

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

## Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Kyrjekontoret, pb 18, 6961 Dale

Telefon 57 73 97 70 Faks 57 73 97 77

Kyrjekontoret er ope

måndag-torsdag kl.09.00-14.00

fredag kl.09.00-12.00

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve kontoret stengt også når det skulle vore ope.

### Tilsette med kontorplass:

*Sokneprest Knut Arne Kummeneje*

Jobb: 57 73 97 73 Priv: 57 73 67 78

Mobil 90 85 52 30

knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

*Kyrkjeverje Irene Fløde*

Jobb: 57 73 97 71 Priv: 99 23 84 20

kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

*Kantor Mark Taylor*

Jobb: 57 73 97 74 Priv: 57 73 61 65

kantor@fjaler.kyrkja.no

kantor har fri kvar torsdag.

*Sekretær Joy Taylor*

Jobb: 57 73 97 72

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

På kontoret:

Tysdag og fredag kl.09-13.

*Trusopplæringsmedarbeidar Stine Kirkeli*

Jobb: tlf 57 71 97 68

trusopplaering@gaular.kyrkja.no

Kontorplass i Gaular

### Kyrkjetenarar:

*Dale kyrkje*

Joy Taylor tlf: 57 73 61 65

*Guddal kyrkje*

Liv Svanhild og Reidar Langeland

tlf: 57 73 88 21

*Hellevik- og Folkestad bedehuskapell*

Sigrid Kleppe tlf: 57 73 53 57

### Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes tlf: 57 73 55 95

**Beredskapstelefon ved akutt behov utanom kontortid 95 48 31 52.**

# Fastetid er aksjonstid

Det er ikkje rettferdig at over 1 milliard menneske i verda framleis lever i ekstrem fattigdom. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom. Det handlar om rettferd!

I Jes. 58, 6-10 står det blant anna at vi i fasta skal løysa dei som med urett er bundne, dela vårt brød med dei som svelt og la heimlause koma i hus. Fattigdomen i verda er enkelt synleg for oss i at nokon svelt, andre gjer det ikkje, men dei underliggjande årsakene til økonomisk urettferd er kompliserte.

Bibelen sitt budskap om faste utfordrar oss til å omsetje tankar og ord til faktisk handling, og gjennom vårt engasjement og bidrag til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kan vi verkeleggjere Guds ord. Den norske kyrkja har hatt kampen for økonomisk rettferd på dagsorden i mange år, og vi er utfordra av det internasjonale kyrkjefelleskapet til å arbeide med global rettferd.

Gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 2011 blir vi oppmoda til å støtte kampen for økonomisk rett-

ferd og for ei framtid utan fattigdom. Fastetida er vår aksjonstid i Den norske kyrkja. Eg oppmodar difor alle til å støtte Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon ved å ta godt imot bøsseberarane, vere med som bøsseberar sjølv og til å signere kampanjen som er retta mot dei som har makt og ansvar.

Biskop Halvor Nordhaug



Bruk kontonummer 1594.22.87493  
givartelefon 820 44 088 (200 kr) eller send SMS <KN100> til 2090 (100 kr)